



Modalen kommune

Retningslinjer for bruk av ungdomslokale

- Bakgrunn:** Bakgrunnen for dette tiltaket er at ungdommane lenge har hatt eit ynskje om ein stad der dei kan opphalde seg på fritida. Dei ynskjer å vere saman også når det ikkje er tilbod om organisert aktivitet. Dei har tidlegare vore i Bryggjeslottet, men opplever at det ikkje er ein ideell plass å «henge».
- Føremål:** Målet med å ta i bruk det gamle konferanserommet er at lokalet skal vere mest mogleg tilgjengeleg for ungdommane, både ved organisert aktivitet som fritidsklubb og elles. Det er viktig at det samtidig blir opplevd av både ungdom og vaksne som trygg bruk. Rommet kan brukast frå 8. trinn og opp til elevar på VG3.
- Innreiing:** Innreiing av lokalet er noko ungdommane sjølv har fått vere med på. Dei har fått vere med å bestemme kva typar aktivitetar dei ynskja å ha i lokalet og korleis rommet kunne gjerast mest mogleg brukarvenleg. Her hadde dei rammer i forhold til storleik på lokale og budsjett på 70 000 kr.
- Organisering:** Ein ansvarleg på kommunen tar ansvar for å låse opp lokalet i vekedagane til det gitte tidspunktet. Lokalet vil då bli ståande opent for fri bruk av ungdommane til det gitte låsetidspunktet. Foreldre lagar ei oversikt over tilsyn og låsing på kveldstid, i helger og i feriar. Foreldre skal ikkje vere der heile tida, men stikke innom i ny og ne. Det er satt opp ein nøkkelboks som foreldre brukar.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
14.15–21.00	13.20–21.00	14.15–21.00	14.15–21.00	14.15–22.00	11.00–22.00	11.00–21.00

Det bur mennesker i leilegheitene i det same bygget. Ungdommane er blitt informert om dette og dei må ta hensyn når dei brukar rommet. Dei fastbuande er og blitt informert om ny bruk av rommet.

- Reingjering:** Ungdommane er ansvarleg for å halde lokalet ryddig og reint. Det vil sei at ein skal forlate lokalet slik det såg ut når ein kom (ryddig). Er ein uheldig og grisar eller liknande, så vaskar ein opp etter seg. Boss skal tømmast jamleg. Oppaskemaskin må setjast på og tømmast når det er behov. Kommunen har gjort avtale om reinhald ein dag i veka.
- Utstyr:** Når eit lokale står opent for fri brukt slik som dette, er det fare for at utstyr kan bli øydelagt/forsvinne. Kommunen ved teknisk kan vere behjelpelig med å fikse enkelte ting dersom det blir øydelagt, men det er ei føresetnad at ungdommane tar vare på møblar, utstyr og maskiner som er i lokalet. Det vil ikkje automatisk blir kjøpt nytt når utstyr blir øydelagt.
- Utestenging:** Kommunen har rett til å utestenge enkeltpersonar/grupper frå lokalet dersom det blir oppdaga ugrei åtferd som td. hærværk, nytte av rus, krenkande åtferd eller større overtredelsar av reglar. Det kan og bli krav om erstatning ved øydelegging av utstyr. Kommunen har rett til å endre på ordning i form av opningstider og liknande dersom ein ser at noko ikkje fungerer.



Modalen kommune

Evaluering: Kommunen vil gjennomføre ei evaluering av tiltaket om lag 2 måneder etter oppstart. Her vil både ungdommar og foreldre blir invitert til å komme med tilbakemelding og innspel. Her kan det bli gjort endringar i retningslinjene.